



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 26.02.2019 kl. 15:15-16:52

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Reidar Andreas Knapstad	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

---

### Forfall:

Ingvild Loftheim	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2019/10		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2019/11		Godkjenning av protokoll frå møte 10.01.2019 og møte pr. e-post 02.02.2019	RUNE ZIENER
SR 2019/12		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2019/13		Justering offerliste 1. halvår 2019	RUNE ZIENER
SR 2019/14		Kyrkjevalet 2019. Val av bispedømmeråd/Kyrkjemøte. Oppmoding om å foreslå kandidatar.	RUNE ZIENER

SR 2019/15		Kyrkjevalet 2019. Kommunikasjonsplan	RUNE ZIENER
SR 2019/16	Ofl § 25, fvl § 13	Uttale i samband med tilsetting av sokneprest i Sunnfjord prosti med tenestestad Askvoll	RUNE ZIENER
SR 2019/17		Søknad om støtte til musikkprosjekt i mars 2019	RUNE ZIENER

Askvoll, 26.02.2019

Referent  
Rune Ziener  
kyrkjeverje

---

## SR 2019/10 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

---

## SR 2019/11 Godkjenning av protokoll frå møte 10.01.2019 og møte pr. e-post 02.02.2019

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 10.01.2019 og møte pr. e-post 02.02.2019.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 10.01.2019 og møte pr. e-post 02.02.2019.

---

## SR 2019/12 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- |           |   |
|-----------|---|
| M 2019/05 | Sogn og Fjordane fylkeskommune: <i>Svar - Vilnes kyrkje - skisse</i> (28.01.2019) |
| M 2019/06 | Nordplan: Vilnes kyrkje, uthus - illustrasjon (20.02.2019)                        |
| M 2019/07 | Orientering om prestesituasjonen i Askvoll framover ved prost Reidar Knapstad.    |

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

---

## SR 2019/13 Justering offerliste 1. halvår 2019

### UTGREIING

Erling Nydal, som er ansvarleg for konfirmantopplegget i Askvoll denne våren, skal ha temagudsteneste den 17. mars i Askvoll kyrkje, der alle konfirmantane i kommunen deltek. På grunn av det tematiske innhaldet i gudstenesta (som er knytt opp til Kirkens Nødhjelp), meiner Nydal det vil vere naturleg at offerformål denne dagen er Kirkens Nødhjelp. På grunn av prestesituasjonen i Askvoll denne våren, vil den årlege fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp gå ut dette året.

Soknerådet har vedteke at offeret denne søndagen skal gå til kyrkjelydsarbeidet. Ein måte å få innarbeidd offer til Kirkens Nødhjelp i gjeldande offerliste, utan at nokre offer vert teke ut, er at ein forskyver offerformåla ei gudsteneste fram.

Om ein gjer det, vil offerlista for Askvoll kyrkje denne våren vere slik:

Askvoll kyrkje	17.03.2019	17:45	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	21.04.2019	12:00	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	05.05.2019	11:00	Sjelesorgsenteret Modum Bad
Askvoll kyrkje	17.05.2019	10:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	xx.juni		Søndagsskuleforbundet

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gjer slik justering i offerlista for Askvoll kyrkje: 17. mars vert det ofring til Kirkens Nødhjelp. Tidlegare oppsette offerformål vert forskyvd ei gudsteneste fram.

### MØTEHANDSAMING

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gjer slik justering i offerlista for Askvoll kyrkje: 17. mars vert det ofring til Kirkens Nødhjelp. Tidlegare oppsette offerformål vert forskyvd ei gudsteneste fram.

---

## **SR 2019/14 Kyrkjevalet 2019. Val av bispedømmeråd/Kyrkjemøte. Oppmoding om å foreslå kandidatar.**

### **UTGREIING**

Hausten 2019 skal det vere kyrkjeval. Som del av kyrkjevalet skal det vere val på bispedømmeråd (som også er medlemmer av Kyrkjemøtet). Det skal veljast sju medlemmer til bispedømmerådet. Alle sokneråd i bispedømmet kan fremje inntil fire kandidatforslag. Frist for innsending av forslag på kandidat er sett til 1. mars.

Kandidatane kan vere busett i kva sokn som helst i bispedømmet, men dei som kan veljast ved val av prest eller lek tilsett i valet er ikkje valbar som lek medlem.

Kandidatane må vere spurt på førehand om dei stiller seg villig til val.

### **INNSTILLING**

Ingen

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd har to eventuelle kandidatar ein vil tilspørje om å vere kandidat til bispedømmerådsvalet som lek medlem.

## SR 2019/15 Kyrkjevalet 2019. Kommunikasjonsplan

### UTGREIING

I samband med kyrkjevalet, er det tilrådd at det lokale valstyret vedtek ein kommunikasjonsplan, for å sikre at riktig og god informasjon om valet kjem ut til rett tid.

Kyrkjeverja har utarbeidd eit forslag til kommunikasjonsplan for soknet for kyrkjevalet 2019. Nokre av fristene og kunngjeringane er obligatoriske og regelfesta (desse står med vanleg, ikkje kursivert, skrift i tabellen).

### Kyrkjevalet 2019 - kommunikasjonsplan

<i>Første orientering om kyrkjevalet (valbarhet og verving)</i>	<i>Kyrkjeblad nr. 3-2018</i>	<i>Desember 2018</i>	
<i>Vervebrosjyre</i>	<i>Heimeside Facebook + ut i kyrkjene</i>	<i>15. februar-</i>	
Kunngjere krav til listeforslag	Heimeside Facebook	1. mars (seinast)	
Kunngjere eventuell supplerande nominasjon	Heimeside Facebook	5. mai	
Kunngjere innkomne lister og valform	Heimeside Facebook	6. mai (seinast)	
Kunngjere komplette opplysningar om valet (tider/stader/korleis stemme etc.)	Avisannonse i Firda, felles med andre sokn i distriktet	10. august (seinast)	
Kunngjere komplette opplysningar om valet (tider/stader/korleis stemme etc.), samt gje nærare kandidatinformasjon.	Kyrkjeblad nr 2 2019.	10. august (seinast)	
Kunngjering av valresultatet	Heimeside Facebook	11. september (seinast)	
<i>Presentasjon av det nye rådet</i>	<i>Kyrkjeblad nr 3-2019</i>	<i>Ca 20. desember</i>	

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek kommunikasjonsplanen som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek kommunikasjonsplanen som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

---

## **SR 2019/16 Uttale i samband med tilsetting av sokneprest i Sunnfjord prosti med tenestestad Askvoll**

*Saksutgreiinga og saksdokumenta er unnateke offentlegheit.*

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tilrår at Kjell Olav Høstaker Nordheim vert tilsett som sokneprest i Sunnfjord prosti med tenestestad Askvoll.
2. Begrunning: Nordheim har erfaring og attestar som gjer at han passar godt inn til å ivareta soknet sine behov.

---

## **SR 2019/17 Søknad om støtte til musikkprosjekt i mars 2019**

### **UTGREIING**

Det låg ikkje føre saksutgreiing før møtet, men soknerådet beslutta å handsame søknaden og fatte vedtak i saka.

### **INNSTILLING**

Ingen.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd dekkjer reiseutgifter og betalar ut honorar til gjestemusikar frå Polen i samband med konsert i Askvoll kyrkje 23. mars 2019.
2. Kollekt ved konserten går til det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet.
3. Ein kommer tilbake til finansiering av reiseutgifter og honorar i samband med seinare budsjettjustering.